
Fra: Silje Knutssøn <silje12345@hotmail.com>
Sendt: 30. september 2019 16:31
Til: !Postmottak OED
Emne: Høyingsuttaling til vindkraftutbygging på land i Noreg

Kategorier: Rosa kategori

Nei til vindkraftutbygging på land, ja til vindkraftutbygging til havs.

Eg kjem frå bygda Ortnevik i Sogn som er ein av innfalsportane til landskapsvernområdet Stølsheimen. Eg ynskjer å fokusere på at sjølv om det verna arealet er teke ut av aktuelle områder for vindkraftutbygging, vil området likevel bli berørt av områdene som no er plukka ut. Vindmøllene vil ruve så mykje i terrenget at dei vil vere synlege frå alle fjellområder i landskapsvernområdet. Deler av Stølsheimen ligg innanfor sona for natur som er meir enn 5 km frå næraste menneskelege inngripen i naturen, som de veit skal takast spesielt vare på med omsyn til inngripen. Vindmøllene vil bli visuelt iaugefallande i desse områda.

Personleg er eg utruleg glad i fjellområda rundt Ortnevik, og sjølv om vindmøllene ikkje kjem tett inn på denne bygda, vil dei vere med på å redusere opplevnaden av naturen i området for lokale og tilreisande. Eksempelet med at bygda Ortnevik blir berørt av denne saka, viser berre kor omfattande og i kor stor strekning eventuelle framtidige utbyggingar vil ha for utruleg mange. Eg håpar verkeleg at de høyrer på alle dei stemmene som no håpar de ikkje vil øydeleggje naturen vår. Den har vore slik i generasjonar, og eg håpar mine og våre etterkomarar kan få nyte den på same måte som eg kan.

Silje Knutssøn
99313870